

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/15	Levekårsutvalet	PS	28.04.2015
047/15	Kommunestyret	PS	21.05.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	14/4937

Kulturplan 2010-2020 (rullering - 2. gangs handsaming)

Vedlegg:

Kulturplan originalutgave 2014 - oppdatert 20 april 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kulturplan for 2010-2020 vert vedteke med nye tiltak slik det kjem fram i Rådmannens framlegg.

Levekårsutvalet - 026/15

LE - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

LE - vedtak:

Innstilling i Levekårsutvalet - 28.04.2015:

Kulturplan for 2010-2020 vert vedteke med nye tiltak slik det kjem fram i Rådmannens framlegg.

Kommunestyret - 047/15

KO - behandling:

Innstillinga frå levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Kulturplan for 2010-2020 vert vedteke med nye tiltak slik det kjem fram i rådmannens framlegg.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Rullering av kulturplan 2010-2020 vart første gong behandla i K-styret - sak 105/14. Saka vart sendt attende grunna ei manglende formulering som kom på bakgrunn av høyringsinnspeil frå Lindås sogelag.

Formuleringa er som følgjer;

Arbeide for å vidareutvikla kommunen sin tusenårsstad, Håkonshaugen på Seim, ved å oppretta ein formidlingsarena/møteplass med magasin for strilakulturen, eit Strilamuseum utvikla i samarbeid med frivillige organisasjonar og konsolidert med Museumssenteret i Hordaland.

Lindås kommune er i dialog med Hordaland fylkeskommune og Museumssenteret i Salhus om konsolidering og drøfte framtidig magasin. Lindås sogelag deltek også i samtalane.

Det er eit stort behov for å få på plass eit magasin som kan ivareta gjenstandar som Lindås kommune og Lindås Sogelag har samla. Ein kan t.d. nemna at Lindås kommune eig ei tekstilsamling som står utstilt på Roparhaugsamlinga. Tekstilane er utstilt i ei gammal kårstove der temperaturen svingar veldig. I tillegg er det dårlige høve i forhold til lys. På bakgrunn av synfaring med konservator ved Museumssenteret i Salhus, må ein etter kvart vurdere om samlinga må flyttas til eit meir eigna stad. Døme på dette kan vere Osterøy museum, som har eigna lokale til slik oppbevaring. Mange vil oppleve det som vanskeleg dersom samlinga må flyttas ut av kommunen fordi vi ikkje har tilhøve for slike samlingar.

Kommunestyret har vedteke Kulturplan for 2010-2020. Planen skal rullerast kvart fjerde år, første gong i 2014.

Tiltak som har ei økonomisk konsekvens, må vurderast i samband med budsjettprosess.

I sak 032/14 - *Rullering av kulturplan 2010-2020* - vart det set ned ei arbeidsgruppe bestående av Bjørn Brunborg (AP), Jostein Hellestveit (SP) og Anne-Julie Hetland (H). Kultursjefen fungerte som sekretær for arbeidsgruppa. Gruppa har hatt 2 møte.

Kulturplan 2010-2020 vart lagt ut på høyring i tida 13.05.-25.06. 2014. Høyringa vart gjort kjent via Lindås kommune sine heimeside, Facebook gruppe, i fulldistribusjon i Avisa Nordhordland (11.06. og 25.06.), samt som eige annonse i avisene Strilen og Nordhordland 24.05.14.

Det kom inn eit høyringsinnspel, frå Lindås sogelag.

Kultureininga har gjennomgått planen og redigert i forhold til gjennomførde tiltak og sett inn forslag til nye.

Vurdering

Lindås sogelag tek til orde for at det vert teke initiativ til magasin /museum i tilknyting til Håkonshaugen på Seim.

Parallelt med arbeid kring kulturplan, har Hordaland fylkeskommune arbeid med Regional kulturplan for 2015-2025. Kommunestyret vedtok i sak 079/14 ein høyringsuttale til planen, der ein la spesiell vekt på etablering av magasin på Seim, i nært samarbeid med Museumssenteret i Salhus.

Kostratal

Netto driftsutgifter for kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, har hatt ei svak nedgang frå 2008 til 2013 på 0,2 % - frå 2,7% til 2,5%. Eit av dei overordna måla i kulturplanen at «*5% av Lindås kommune sine årsbudsjett, skal nyttast på kulturfeltet*».

Kapittel om Senior og aktivitetssenter utgår då ansvar for desse er overført til eining for pleie- og omsorg.

Kommunale institusjonar

Lindås folkeboksamling

I førre 4 årsperiode realiserte Lindås kommune ubemanna bibliotektilbod i Lindåshallen. Dette har utvikla seg til eit svært populært tiltak.

I neste 4 års periode ønskjer å auke mediabudsjett frå kr 35 pr/innbyggjar til kr 75 pr/innbyggjar. I planen er den økonomiske ramma ikkje nemnt, men det vert foreslått ein auke i mediabudsjettet.

Kommunen sin finansielle innsats i prosjektet er investeringsbudsjett 2015. kr 264000, 2016. kr 100.000. Det ligg midlar øyremerka kultur i Økonomiplan for 2015 og 2016. Å sikre intern utvikling på biblioteket. Vi er i gang med fokus på endring, kompetanseoppbygging og samlingsutvikling

Endra formålsparagraf i biblioteklova stiller større krav til biblioteket som nøytral møteplass for offentleg samtale og debatt. Bibliotekslokale er sentralt plassert, men for lite. (i dag ca 375 rutemeter – burde ha vore ca 1000 rutemeter). Det er naturleg å tenkje biblioteket inn i eit mogleg nytt kulturhus.

Utvida eining gjev gode moglegheiter for samordning av tilbod til barn og unge; det er viktig at den nye eininga legg til rette for samarbeid og fellesprosjekt avdelingane imellom.

Lindås kulturskule

Lindås kulturskule har flytta inn i nye lokale i «Paviljongen», i nærleiken av Rådhuset i Knarvik. Det var eit viktig tiltak i Kulturplanen som vart realisert i 2012. Kulturskulen ønskjer at tilboden på t.d. Lindås vert samlokalisert slik som i Knarvik, og ikkje spreidd på fleire lokala på Lindås (ungdomsskule og barneskule).

Det er kome forslag om eit nytt konsept – «3-grep-på-gitar» - eit lågterskelstilbod for dei som ønskjer å kome i gang med t.d. gitar. Det kan vere behov for ekstraløyvingar for å kome i gang med tilboden. Det vil i så fall kome sak om dette når konseptet er ferdig utgreia.

Fritidsklubar og sjølv-organisert fritid

Lindås kommune skal framleis leggje til rette for kommunale ungdomsklubbverksemder på Lindås, Ostereidet og Alversund. Ein ønskjer også å vere ein samarbeidspartner for lag/organisasjonar som ønskjer å utvikle nye, opne møteplassar for barn/unge.

Frivilligsentralen

Gjennom Frivilligsentralen skal Lindås kommune koordinere og synleggjere frivillig arbeid som vert utført. I følgje SSB sine tal, står frivillighet for 26 årsverk pr 1000 innbyggjarar i gjennomsnitt. I Lindås kommune vil det seie om lag 390 frivillige årsverk. Frivilligsentralen har saman med lag/organisasjonar, etablert eit interimstyre for eit Kulturstyre.

Frivilligsentralen skal fortsatt vere sekretariat for Lindås idrettsråd og Lindås kulturråd.

Om å satse på barn og unge

I forslaget på tiltak, vert det foreslått at sommarklubb for barn i barneskuletrinna, vert etablert på nytt. Dette var eit populært tilbod før Open Hall vart etablert som tilbod i skuleferiar. Når tiltaket skal etableras, kan det kome søknad om tilskot til dette tiltaket.

Kulturhus

Arbeidsgruppa foreslår å endre formuleringa på tiltak frå;

Opprette ei tverrpolitisk arbeidsgruppe som skal undersøkja kva behov eit kulturhus bør dekkja. Gruppa får og mandat å føreslå romprogram og plassering av huset. Det må vurderast om eit kulturhus kan sjåast i samanheng med eventuell realisering av eit nytt regionsenter i Knarvik.

Nytt forslag;

Vurdere å opprette ei tverrpolitisk arbeidsgruppe for kulturhus.

Kulturvern og museum

Lindås kommune har vedteke Kulturminneplan for 2011-2021.

Lindås kommune har som før nemnd, sendt høyringsuttale på Hordaland fylkeskommune si Regionale kulturplan 2015-2025. I høyringsutale legg Lindås kommune vekt på magasinbehov. I nytt tiltak i Kulturplan 2010-2020 er det kome eit pkt «*I samråd med museumssenteret i Salhus, må det arbeidas for etablering av magasin/utstillingslokale*».

Tilrettelegging for fysisk aktivitet

Lindås kommune har vedteke Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2013-2023.

Planen tek føre seg utfordringar og prioriteringar for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

Arbeidsgruppe ønskjer at arbeidet kring ulike tilskotsordningar vert intensivert. Lindås kommune abонnerer på www.tilskuddsordningen.no Her finn ein alle lokale og nasjonale

tilskotsordningar det er mogeleg å søkje tilskot frå. Nokre lag/organisasjonar i Lindås kommune nyttar seg av denne, men fleire bør nytte seg av ordninga som Lindås kommune betalar abonnementet på.

.....